



Samarbeidsavtale mellom Radøy kommune og Radøy idrettsråd

Bakgrunn og formål med avtalen

Kommunen og idretten har eit felles mål om å skapa eit levande lokalsamfunn der folk kjenner seg trygge, finn meining, og trivst. Formålet med denne avtalen mellom Radøy kommune og Radøy idrettsråd er styrking av det naudsynte samspelet mellom Radøy kommune og Radøy idrettsråd. Dette skal bidra til klargjering av viktige prinsipp og gjensidige krav og forventingar.

Samarbeidet

Eit hovudprinsipp er at saker som klubbane ynskjer å fremja for kommunen, og som er av felles interesse for idretten, skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet. Det betyr at kommunen ikkje forvaltar/avsluttar si sakshandsaming utan at den har vore på høyring hjå idrettsrådet, eller at idrettsrådet har medverka på annan måte, avhengig av type sak.

Dette hovudprinsippet skal likevel ikkje vera til hinder for at idrettsrådet og kommunen kan avtala at ei sak skal handsamast (vidare) direkte mellom idrettslag og kommunen.

All kommunikasjon mellom Radøy idrettsråd og Radøy kommune skal vera basert på openheit og meiroffentlegheit.

Høyringsrett: Radøy idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten

Radøy kommune sin administrasjon sørgjer for at Radøy idrettsråd sine innspel følgjer dei andre sakspapir til avgjerande instans, eller på annan måte vert referert i den endelege skriftlege saksdokumentasjonen.

Administrative møte: Kommuneadministrasjonen og Radøy idrettsråd møtast ved behov, minst ein gong pr. år.

Informasjonsmøte: Dersom det skjer store endringar/ omleggingar av til dømes tilskotsordningane skal Radøy kommune kalle inn idrettsrådet til møte.

Kommunale støtteordningar: Radøy idrettsråd gir tilråding til kommunen om fordeling av kommunale kulturmidlar og anleggsmidlar til idrettslaga.

Anlegg/nybygg: Radøy idrettsråd skal vurdere søknader om anlegg/nybygg frå idrettslaga og gjera prioriteringar av ulike typar anlegg (små, store, rehabilitering) som innspel til handlingsplanen til kommunen.

Radøy idrettsråd skal gi tilråding til kommunen om den årlege prioriteringslista for spelemiddelsøknader ved innsending av desse.

Revisjon/oppseiing av avtalen

Partane skal i fellesskap gå gjennom og evaluera avtalen kvart fjerde år etter inngåinga, men avtalen kan elles reviderast når partane er samde om det. Kvar av partane kan seia opp avtalen skriftleg med seks månaders varsel.



24 mars 2011

Stad, dato

Janne Scheland
Radøy kommune

Bjørn-Ove Høyking

Radøy idrettsråd

